

# Offentleg møteprotokoll

Sogndal ungdomsråd

---

Møtestad **Leikanger**

:

Møtedato **16.03.2021** Tid: **00:00 - 00:00**

:

---

Pkt. 1

## Opning

A. Konstituering av møtet

- \* Møtet lovleg sett med følgjande tilstades:
- \* Godkjenning av innkalling og sakliste
- \* Møteleiar:
- \* Ope møte

B. Godkjenning av møteprotokoll frå møte

Pkt. 2.

## Orienteringar og drøtingar

A. Orientering frå ordførar.

B. Orientering frå utval.

C. Innspel frå medlemmane.

D. Orientering frå administrasjonen

E. Drøftingar

Pkt. 3

## Skriv og meldingar

### Saksliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	Tittel

**2/21**

**21/555**

Saksprotokoll - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingsaker i ungdomsrådet 2021

**2/21**

Saksprotokoll - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingsaker i ungdomsrådet 2021

### **Tilråding:**

### **Handsaming:**

**Frå \* låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. **Skriv og meldingar**
  1. **Invitasjon til fylkesting for ungdom 2021 Vestland ungdomsutval (VU) og Vestland fylkeskommune inviterer til fylkesting for ungdom Vestland 9. til 11. april.**
    1. Leiar Kornelius Haugen og nestleiar Idun Auestad reiser på fylkestinget. Møtesekretær ordnar påmelding og det praktiske rundt det.
  2. **Invitasjon til leiar og nestleiar om å delta i SLT måndag 26.april kl.12.00-14.00.**
    1. Rådet ynskjer at leiar og nestleiar møter og orienterer om møtet til neste rådsmøte.
  3. **Nasjonal spørreundersøking til barne- og ungdomsråd: Et bra sted å være – slik barn og unge ser det.**
    1. Denne saka gikk ut, og blir orientert om gjennom facebook-gruppa ungdomsrådet har. Ungdomsleiar føl opp.
2. **Orienteringar.**
  1. **Leiar orienterer om dialog med ordfører og andre møter angående møteplasser for ungdom.**
    1. Kornelius har vore i kontakt med ordførar om eit nytt møte angående møteplassar for ungdom. Det blir avtalt eit møte snarast, saman med andre i kommunen, samt ungdomsleiar, for å sjå på ev. alternativ til Solhov i Sogndal Sentrum.
    2. Leiar for rådet har avtalt intervju med porten om ein reportasje om ungdom og møteplassar. Leiar for rådet ynskjer tilbakemelding frå representantane om kva som skal komme fram i reportasjen.  
  
Forslaga som kom:
      1. Bør skrive på «ungdomsspråk»
      2. Få det ut på sosiale media, vere bestemt og sinte.

3. Bør komme fram i teksten at ungdommane og rådet ikkje veit korleis politiske prosesser fungerer, og at media er den einaste måten dei kan få fram sakene sine på.

I samband med saka kom det forslag om å opprette instagramkonto for ungdomsrådet. Der rådet kan få betre kontakt med ungdommar i kommunen, samt få ut informasjon om kva slags saker ungdomsrådet jobbar med. Dette for å kunne få meir engasjement frå ungdommar rundt sakene. Ariana, Synne, Liva og Emma tar ansvar for dette. Men alle kan få brukernamn og passord til å legge ut saker. Rutinar og rammer for dette bør definerast på neste møte.

Tilbakemeldingar til avisreportasjen må komme inn seinast 17.mars kl.15.00. Rådet tok ein runde på status og behov dei såg frå sine bygder.

#### 4. Drøftingar

##### 1. **Møteplassar og kultur i kommunen (kulturrådet og invandrarrådet, Kristoffer Knagenhjelm og Tuba Ardic får invitasjon til å delta på møtet.)**

Ungdomsrådleiar presenterer saka. Og let leiar for råda presentere seg og kva dei meiner om møteplassar og kultur.

##### **Kulturrådet:**

Christoffer Knagenhjelm fortel at medlemmane er folk med kultur «bakgrunn», dei er oppteken av gode møteplassar – og ynskjer gode møteplassar i heile kommunen. Samt er dei oppteken av oppvekstvilkår. Rådet har fokus på samfunnsplanen og prøver å jobbe mot å få inn sine saker i samfunnsplanen.

##### **Innvandrarrådet:**

1. Tuba Ardic fortel kva rådet deira fokuserer på. Dei jobbar mot rasisme. Dei er glad for å bli involvert og invitert til samarbeid. Ho er glad for å sjå korleis ungdomsrådet jobbar.

Ungdomsrådet blir råda til å følgje med på samfunnsplanen til kommunen. Og at den skal ut på høyring igjen no snart. Ungdomsrådet saman med dei to andre råda bør legge inn eit høyringsvar på samfunnsplanen om ein kulturplanen for kommunen.

##### 1. **Film av møteplassane for ungdom i kommunen. Tuva Mathilde Dybwad Mundhjeld og Ina Risan er invitert til møte for å informere om prosessen.**

1. Her har arbeidsgruppa vore rundt på Kaupanger, Sogndal, Balestrand og Leikanger og dokumentert lokala som ungdommane har tilgang til. Dei manglar dronefilm av bygga, samt nokre intervju. De kom inn forslag frå rådet om å filme Leikvang Ungdomshus, samt musikkbrakka og intervju med bandet til Liva Åsnes Skjerdal.
2. Filmen må vera klar til neste ungdomsrådmøte den 20.april.

## **2. Planlegge innlegg i kommunestyret i mai.**

1. Leiar for rådet og ungdomsleiar tar eit par møter med kommunen og ordførar ifht status på møteplassar og alternativ. Ungdomsrådet skriv eit ynskje om å orientere kommunestyret om sakene sine, og kva behov dei har. Same gjer ungdomsavdeling. Slik at ungdomsavdelinga og ungdomsrådet kan ha ei samla orientering i kommunestyremøte i mai.
2. Forslag frå ungdomsleiar angående Solhovsaka, og at dette kanskje kan vera eit godt alternativ og bør orienterast om på kommunestyremøte frå dykk. Viss kommunen går for bygging av basishall i Sogndal kan danseverkstaden få nytt lokale i den. Og nye lokaler for ungdom kan vera enklare når ein slepp å forholde seg til danselokaler. Gode alternativ for ungdomsmøteplass kan då vera «spenst»-lokalet som er i kjellaren på kulturhuset. Den har stort potensial, eigen inngang og nærare sentrum.
3. Rådet bør og komme med konkrete behov og ynskjer frå Leikanger, Kaupanger og Balestrand.
4. Leiar for rådet ynskjer å sende ei bestilling til kommuneadministrasjonen om å få oversikt over kva bygg/lokaler som kan vera eigna for ungdomsmøteplassar. Christoffer Knagenhjelm meiner det er ledig kapasitet i Skogly. Og at det kan jobbast med eit aktivt ungdomslag i bygda for å gjera bygget meir tilgjengeleg for ungdommar, men då må foreldre og ungdommar på banen. Med fleire medlemmar i ungdomslaget, vil ein kunne hente ut mykje midlar gjennom barn og ungdomsarbeid. Trygve Grønsberg kommenterer at det er blitt snakka om å gjere noko på Skogly, men veit ikkje noko meir om saka. Dette bør rådet sjå nærare på.
- 5.

## **2. Innkomne spørsmål frå representantane**

1. Isabell Norstein-Prince inviterer rådet til ein omvising av ungdomslokaler på saften og Leikvang for dei som har tid til det. Deler av rådet blei med på dette.